

Individuelt lørdag 24. august

PM

Velkommen til o-meisterskap i eit jomfruleg ope terreng i havkanten til eit flunkande nytt o-kart.

Reise: Dei som kjem frå nord og sør langs E 39 (kyststamvegen) tar av på Fv 47 retning Haugesund frå Haukås i Sveio. Rett sør for Sveio sentrum svingar du av Fv 47 i retning Tjernagel. Følg deretter merking til P-plass.

Dei som kjem frå sør (Haugesund og Karmøy) langs Fv 47 svingar av på Ekrene i retning Buavåg og følg merking i retning p-plass.

Parkering: I nærleiken av det flotte «nye» o-terrenget i Ryvarden-marka, er det diverre mangel på større parkeringsplassar. Me må difor spreia parkering på fleire stader. Me har trafikk/p-vakter som vil vegleia og styra så langt dei kan. Følg deira tilvisingar!

Til samlingsplass: Mellom 20 og 12 minutt å gå til samlingsplass. Ver difor ute i god tid!

Samlingsplass: Me har vore så heldig å få låna eit innmark/beiteområde som ligg idyllisk og lunt til. Her blir god plass til lagstelt (følg skilting og tilvising), triveleg for publikum langs innløpet og tilbod av kioskarer som kaffi, brus, kaker, nysteikte, pølser og hamburgerar.

Til start: Ca 20 minutt å gå langs merka løype til Start 1.

To startplassar: A-Løypene 1,2,3,4,5 og 6(B) og 7(C) startar nord for samlingsplass (Start 1).

Løype 8(Ny) og 9(Tur) og Småtroll startar på samlingsplass (Start2).

Toalett: Ved den største p-plassen, Vandaskog skule, er det opne toalett til bruk i kjellaren.

Hugs: Ikkje lov å bruka piggsko inne!

Toaletta i Vandaskog skule ligg midt mellom samlingsplass og start. Ved start er ikkje sett opp toalett. Det har me derimot sett opp ved samlingsplass, for dei trengjande som finn det for langt å gå til Vandaskog skule.

Kart: Kartet er nykonstruert, synfart og teikna i 2013.

Løypene 1, 2, 3, 4 og 9 er trykt på kart i målestokk 1: 10 000. Untaket er klassane D40, H50 og H60 som får kart i målestokk 1: 7500. (D40 er komne inn i dette gode selskap ettersom det viste seg at me fekk for få kart med løype 3 i målestokk 1:10 000.)

Løype 5 og 6 er trykt på kart trykt i 1:7500.

Løype 7 og 8 er trykt på kart i målestokk 1:5000.

Løyper: Dette er dei gjeldande løypelengdene:

Løype 1: 7,4 km

Løype 2: 6,1 km

Løype 3: 5,2 km

Løype 4: 4,2 km

Løype 5: 3,1 km

Løype 6: 2,3 km

Løype 7: 2,1 km

Løype 8: 1,3 km

Løype 9: 4,2 km

Postar: Dette er eit uvanleg ope terreng. Samtidig er her lagt ut mange postar. Dei ligg difor tett. Dermed kan det lett bli fleire postar synleg samtidig ute i løypa. Der blir difor viktigare enn nokon gong å sjekka at du er på rett postkode før du stemplar.

Brikkelapp: I kvar lagspose er lagt inn ein brikkelapp til kvar av lagets sine løparar. Buk denne dersom du ønskjer ein backup for tidtaking og postregistrering dersom brikke eller posteiningar skulle svikta.

Varsemd i trafikken. På veg til start må dei fleste deltakarane gå eit stykke langs trafikert veg. Hald godt til venstre og følg trafikkvaktene sine tilvisningar og vis varsemd. Det same gjeld dei som går på strekninga frå og til p-plass.

Elektriske gjerde: Du vil nokre stader i terrenget sjå mindre strekningar med elektrisk gjerde, kvite gjerdepinnar med ein kvit tråd langs toppane på desse. I følgje grunneigarane skal ingen av desse kvite gjerdetrådane leia straum.

Kryssing av gjerde: Nokre løyper har strekk som kryssar nettinggjerde. På kartet er avmerka kvar slike gjerde enklast kan kryssast eller kvar det finst opning i gjerde.

Ha ein fin dag i naturen og i o-løypa!